

Framlegg

Forskrift om vern av Helleren naturreservat, Lærdal kommune, Vestland

Fastsett ved kongeleg resolusjon xx.xx.202x med heimel i lov 19. juni 2009 nr. 100 om forvaltning av naturens mangfold (naturmangfoldloven) § 34, jf. § 37 og § 62. Fremja av Klima- og miljødepartementet.

§ 1. (føremål)

Føremålet med forskrifa er å ta vare på eit område med rik edellauvskog og andre skogtyper langs Lærdalselvi, stadvis med eit bekkekløftprega artsutval, og med generelt høg verdi for biologisk mangfald. Området ligg i ei sørvestnord lisiide og husar ein rik mosaikk av berg og ulike treslag som gir livsgrunnlag for truga og sjeldne artar i indre dalstrøk av Vestlandet.

Det er eit mål å ta vare på verneverdiane i mest mogleg urørd tilstand, med stadeigne artar og naturtyper og naturleg skogdynamikk, og eventuelt vidareutvikle dei.

§ 2. (geografisk avgrensing)

Naturreservatet omfattar følgjande gnr./bnr.:48/1 i Lærdal kommune.

Naturreservatet dekker eit totalareal på om lag 833 dekar. Grensene for naturreservatet går fram av kart datert Klima- og miljødepartementet Dei nøyaktige grensene for naturreservatet skal merkast av i marka. Knekkpunkta skal koordinatfestast.

Verneforskrifta med kart blir oppbevart i Lærdal kommune, hos Statsforvaltaren i Vestland, i Miljødirektoratet og i Klima- og miljødepartementet.

§ 3. (verneregler)

I naturreservatet må ingen gjera noko som skadar verneverdiane som går fram av føremålet med vernet.

I naturreservatet gjeld følgjande verneregler:

- a. Vegetasjonen, medrekna daude buskar og tre, er verna mot skade og øydelegging. Det er forbode å fjerne planter og sopp inkludert lav, eller delar av desse frå naturreservatet. Planting eller såing av tre og annan vegetasjon er forbode.
- b. Dyreliv, medrekna reirplassar og hiområde, er verna mot skade, øydelegging og unødig forstyrring. Utsetting av dyr er forbode.
- c. Det må ikkje settast i verk tiltak som kan endre naturmiljøet, som til dømes oppføring av bygningar, anlegg, gjerde, andre varige eller mellombelse innretningar, parkering av campingvogner, brakker e.l., framføring av luftleidningar, jordkabler, kloakkledningar, bygging av vegar, drenering eller anna form for tørrlegging, uttak, oppfylling og lagring av masse, utføring av kloakk eller anna form for forureining, etterlating av avfall, gjødsling, kalkning eller bruk av kjemiske utholdingsmiddel. Forsøpling er forbode. Opplistinga av tiltak er ikkje uttømmande.
- d. Bruk av naturreservatet til større arrangement er forbode. Dette gjeld ikkje på kongevegen med tilhøyrande kulturhistoriske anlegg.
- e. Brenning av bål er forbode.

§ 4. (generelle unntak fra vernereglane)

Vernereglane i § 3 andre ledd er ikkje til hinder for:

- a. sanking av bær og matsopp
- b. jakt og fangst i samsvar med gjeldande lovverk
- c. beiting
- d. oppsetting av mellombelse, mobile jakttårn for storviltjakt

- e. varsam fjerning av mindre mengder kvist i siktelinjer i samband med storviltjakt, og ved bruk av fiskeplassar til fiske
- f. felling av store rovdyr i samsvar med gjeldande lovverk
- g. vedlikehald av kongevegen, inkludert skjøtsel etter skjøtselsplan, og andre eksisterande anlegg og innretningar i samsvar med tilstanden på vernetidspunktet
- h. utsetting av saltstein i samband med beiting som omtalt i § 4 c
- i. bålbrenning med tørrkvist frå bakken eller medbrakt ved i samsvar med gjeldande lovverk
- j. rydding, istandsetjing og vedlikehald av eksisterande stiar frå kongevegen ned til fiskeplassar ved og langs Lærdalselvi.

§ 5. (regulering av ferdsel)

All ferdsel skal skje varsamt og ta omsyn til vegetasjon, dyreliv og kulturminne.

I naturreservatet gjeld følgjande reglar om ferdsel:

- a) Motorisert ferdsel er forbode, medrekna landing og start med luftfartøy.
- b) Utanom kongevegen og stiar vist på vernekartet er bruk av sykkel, hest og kjerre, samt riding forbode

§ 6. (generelle unntak frå reglane om ferdsel)

Ferdelsreglane i § 5 er ikkje til hinder for gjennomføring av militær operativ verksemd og tiltak i samband med ambulanse-, politi-, brannvern-, rednings- og oppsynsverksemd, og gjennomføring av skjøtsels- og forvaltingsoppgåver som er bestemt av forvaltingsstyresmakta.

Unntaket gjeld ikkje øvingsverksemd.

Ferdelsreglane i § 5 andre ledd er ikkje til hinder for:

- a. Naudsynt motorferdsel for uttransport av sjuke og skadde bufe. Køyretøy som nyttast skal vere skånsam mot markoverflata. Det skal sendast melding til ansvarleg oppsyn for verneområdet i forkant av køyring.
- b. Naudsynt uttransport av felt storvilt med lett beltekøyretøy som ikkje set varige spor i terrenget.
- c. Landing og start med Forsvarets luftfartøy.
- d. Naudsynt motorferdsel i samband med utføring av skjøtsel, jf. § 4 bokstav g. Køyretøy som nyttast skal vere skånsam mot markoverflata.

§ 7. (spesifiserte dispensasjonsreglar)

Forvaltingsstyresmakta kan etter søknad gi dispensasjon til:

- a. Avgrensa bruk av naturreservatet for aktivitetar nemnt i § 3 andre ledd bokstav d.
- b. Istandsetting, vedlikehald og naudsynt skjøtsel av kulturminne.
- c. Tiltak i samband med forvalting av vilt og fisk.
- d. Utransport av felt elg og hjort med anna køyretøy enn lett beltekøyretøy nemnt i § 6 andre ledd bokstav b.
- e. Merking og rydding av nye stiar.
- f. Oppføring av gjerde i samband med beiting
- g. Tilretteleggingstiltak og oppsetting av turpostar på stiane.
- h. Gjenoppføring av anlegg eller installasjonar som er gått tapt ved brann eller naturskade
- i. Fjerning av framande treslag.
- j. Naudsynt motorferdsel i samband med aktivitetar etter § 4 bokstav g og h og § 7 bokstav b, c, f, h og i.

§ 8. (generelle dispensasjonsreglar)

Forvaltingsstyresmakta kan gjere unntak frå forskrifta dersom det ikkje stirr mot føremålet med vernevedtaket og ikkje kan påverke verneverdiane nemneverdig, eller dersom omsynet til tryggleik eller omsynet til vesentlege samfunnsinteresser gjer det naudsynt, jf. naturmangfaldloven § 48.

§ 9. (*skjøtsel*)

Forvaltingsstyresmakta, eller den forvaltingsstyresmakta bestemmer, kan gjennomføre tiltak for å oppretthalde eller oppnå den natur- eller kulturtilstand som er føremålet med vernet, jf. naturmangfaldloven § 47.

§ 10. (*forvaltingsplan*)

Det kan utarbeidast forvaltingsplan med nærmere retningsliner for forvalting av naturreservatet. Forvaltningssplanen kan innehalde nærmere retningsliner for gjennomføring av skjøtsel.

§ 11. (*forvaltingsstyresmakt*)

Miljødirektoratet fastset kven som skal vere forvaltingsstyresmakt etter denne forskrifta. Miljødirektoratet kan delegere styresmakta til kommunar som samtykker til det.

§ 12. (*ikraftsetjing*)

Denne forskrifta trer i kraft straks.